

— Lagsblad —

Nr. 6

Oktober 1929

12 året

## 8. norrøne bygdeungdomsstemna.

(Framhald)

Den høgtidlege opning av stemna var kl. 13 i Raadhuset. Opningi er alltid det mest stemningsfulle under heile stemna. Der kviler alltid ei forunderleg intens samkjensle-stemming yver ei slik stund. Ein vert lyft upp yver kvardagsstrevet, upp i ljuset frå saga, og høyrer ettene tala til seg gjenom, — eller kanskje like snart på tvert av dei ordi som vert talte, fyrrtid og notid tykkjest flyta saman i bråe blenk. Ein kjenner seg som ein liten lekk i ein stor samanheng, og tårone er kanskje ikkje langt undan. Det er vel heller ikkje rett å stengja for kjenslone i slike høve.

Stemna vart opna av Kurt Belfrage, og på vegne av byen helsa dr. Otto Grøne dansarane velkomne til Malmø. Utsendingar frå Noreg, Danmark og Åland heldt korte talar, og innimillom skiftest med song og musikk. Serleg var musikken fengjande festleg. Men so er då og huslyden Berndtsson ekte bygdespelarar, radt frå far og mor sjølv på 70 til gutpåken på 10. Serleg er ein av sønene til

gamle B. spelemann „av Guds nåde“. Ei fin kunstnarsjel som ein aldri vert trøyt av å lyda til.

Kl. 18 $\frac{1}{2}$  var det avmars frå Stortorget til Idrottsplassen, der „Nordisk Sommarnatt“ skulde gå av stapelen: Etter musikk, prolog og helsingstale vart det då folkedans av dansarar frå dei ymse norrøne land. Siste dans på programmet var: „Fackeldans. Svenska lag“. Det var vår gamle gode Falkvor Lomansson, dansa etter ei heilt ny „opskrift“ som sjølv sagt ikkje fall i vår smak med våre store krav til songdans. Det som gjorde seg, — og løynde litt av veilone, var masse-verknaden av alle faklane frå i kring tusen dansarar. Etterpå fekk me sjå eit vakert fyrverk som gjorde stor lukka.

Etter framsyningi var det stor fest i rådhuset til langt på natt. På eit fullsett golv, kunde ein der få svinga seg i gamal-vals, hambo og polka.

Sundag morgon tidleg var det utferd til Bokskogen og Torup slott. Innmarsen til slottet var sers festleg. Til slottet høyrer store landeigedomar — eg såg t. d. yver

20 hestar på eit beite. Sjølv sagt hev slottet ei meng landarbeidarar, og desse, med kvinner og born hadde teke upstilling på bae sidor av vegen, med blomar i hendene og med Skåne-bunader på. I borgtunet tok slottsfrua, den statelige friherreinna H. Coyet sjølv mot oss, staut og personleg verka ho i den festlege Skåne-bunaden sin.

Etter at ho hadde helsa oss velkomen, og med stor forvitne studera dei ymse bygdebunader, heldt ho frå slottstroppi ei forvitneleg utgreiding um slottet og slottsherane si saga frå eldste tider. M.a. fekk me vita at i det sekstande hundraåret var det ei norsk adeleg kvinna som var slottsfrua på Torup, og ho vart gift med ein dansk adelsmann. Soleis var alle dei tri nasjonar som stod framfyre fru Coyet sin talarstol på ein måte slektsbundne til Torup. Eg trur alle tok det for det det var: Eit lite døme på kor mykje norderlandi hev havt saman, og kor mykje som framleides bitt ihop. Heile stemnelyden fekk ein rundtur gjenom slottet, og sidan fekk me hyggja oss på grasplenane, der vene slottsternor baud rundt frukt. Tidi gjekk som ein røik, og me laut snart bryta upp og koma oss attende til „staden“.

Framhald.

### **Kurs i Norsk handelsbrevbyte.**

Etter framlegg frå styret vedtok laget den 3. nov. å setja igang eit kurs til opplæring i Norsk handelsbrevbyte. Ein melder seg på Lagskontoret innan 7. november. Kurset skal vara i 40 timar og kosta 5 kr. for lagsfolk og 10 kr. for ikkjelagsfolk.

### **Månaden som gjekk.**

Laget hev byrja godt etter ferien. Det hev vore mange gode møte med dugelege talarar og god song og musikk til. Fyredrags-rekkja vart opna av Arne Espeland som tala um mannen og kvinna. Sidan hev det vore fyredrag av skuleinspektør Tvetås, forfatteren Eilert Bjerke, rektor Olden, høgskulestyrar Martin Birkeland og forfatteren Ragnvald Våge. Det hev i det heile vore verdfulle møte og lagsfolk hev då og møtt vel fram. Sovidt me veit vil styret leggja all vinn på ogso å halda tradisjonen med umsyn til gode program på lagsmøti, og det er von til at me vil få fleire gilde og lærerike torsdagskveldar utyver vinteren.

Tilstellingarne marknadskveldarne var vellukka. Det syner sterk interesse og ihug at det kunde lukkast å syna fram eit so stort og kravfullt spelstykkje som „Friarar“ av Hoprekstad, der det krevst so mange folk. Stykket vart bra spela, og ved seinare oppføringar vil det truleg vinna seg endå meir, meddi spelarane vil få meir futt og fart i rollone sine. Det andre stykket som vart framsynt „Hei, Ola der nord“ gjekk som vanleg flott og morosamt. Det var mykje folk samla dei tri kveldarne og innkomorne deretter.

### **Barnelaget**

er kome igang, og det teiknar til å gå godt. Det er umlag 30 barn med. Leiken gjeng livleg og elles plar eitpar av borni lesa upp dikt eller småstykkje. Dei les nynorsk so det er ein hugnad å høyra.

## Framlegg til nemnd for nyårsfesten.

Johs. Hatteland, Karsten Lerang, Monrad Halvorsen, Trygve Lye, Torvalda Bjørnsen Randaberg, Rakel Espedal, Dagny Langeland, Gudrun Vikedal, Bergit Hidle, Ethel Boksnes, Agnes Gjesteland.

\*

Framlegg frå styret um å ha ei tilstelling til bate for fatige til jol søndag 15. desbr.

\*

Desse vart godkjende til opp- taking i B.u.l.: Hans Kvadsheim, Gunvor Risa, Magnhild Utåker, Brynjulv Skjærpe og Aslaug Henriksen.

## Norsken i laget.

Det stend ille til med norsken i laget. Det er syrgjeleg, men sant. —

Ein skulde tru at med det målmedvitne arbeidet som i røyndi vert drive i B.u.l. — både med reint opplæringsarbeid og med propaganda elles — so måtte det syna seg teikn til betring. Men dette er langtfra tilfellet.

Det kan nok henda at lemene no jamt yver er meir klår yver kva det i grunnen gjeld, men ein fær ein tokke av at det i større mun er slurvet enn vankunna som er sessa i høgsætet. — Serleg er det gale med talemålet. Ikkje berre byfolk og meir eller mindre halvrende landsfolk sluskar i talen sin. Nei, endå til øvste enden er ikkje målføringi anna enn det ein med stor rett kan kalla eu *bastard*.

Det er mange krav som fell på ein formann t. d. Og mykje kritikk fær han tola; både rett- og urettvis. Men det tykkjest likevel

vera på sin plass å krevja at den form. no er i B.u.l. lagde seg etter ei betre målføring i møtestyringi si. Jamt yver er det heller kleint. Som no på torsdagsmøte <sup>10/10</sup>. — At form. fær lov „å øvebringa“ ei takk o.s.b. kan vera ærleg tale. Men *norsk* er han ikkje. — Det er gildt at folk nyttar *dialekten* sin, men det då for all skuld *nynorsken* som skal vera grunnlaget og ikkje *dansken*. — Det var å vona at form. merka seg dette! For det *lyt* verta eit krav til ein formann i B.u.l. at han veit å ordleggja seg på rein nynorsk. Burti-mot då. —

Dersom dette vart til røyndom, so vilde det snart besna millom lagsfolket elles og. Men slik som det no er, syter ein med å gjera seg fyre dimeir. For det er gjerne so at form. er fyredømet, og det skal mod til å setja dette ljuset under skjeppe — um det er so umveges.

Hovudtalaren på dette møtet kunde likeeins ha godt av å minnast, at det er *vel* so viktugt å bruka norske ord som det er å stivhalda på hev-og-i-formi. Dette siste er sjølv sagt mykje verdt, men skal det rima, bør no *ordi* vera norske då. — Helvti i alle høve.

Lat det verta eit samstelt krav, og eit slagord for alt lagsfolket:

*Norsk tale bår i og utanfyre  
Bondeungdomslaget!*

*Grid.*


\*

Det kan vera mykje rett i det Grid held fram med umsyn til norsk tale i det heile. Men når serleg noverande formann *lyt* stå for Grid sin kritikk, so er det noko urettvist. Av dei 3—4 formenn laget hev havt i det siste, held eg den noverande for å tala den reinaste norsk. Han talar ikkje rein ny-

norsk, men han hev ein dialekt som ligg nynorsken mykje nær og å vøla noko sers på denne dialekten trur eg ikkje vilde høva. — Sjelvsagt vil kven det kan vera koma i skade for „å øvebringa“ eit mindre godt ord no og då, men i det store og heile kan eg ikkje segja formannen er den verste. — Men at det stend dårleg til med nynorsk tale millom lagsfolk er visst. Og det er eit spursmål um det ikkje burde skipast nokre kvel-dar til dryfting og opplæring i reinarre norsk talemål. V.

## Losje Rogaland

høgtida 23 års-dagen med ein god og gild fest laurdag 2. nov. Det var møtt fram yver 80 losjefolk. Lærer Risvoll heldt festtalen og elles var det talar av G. Løvik, Øystein Eskeland og Johs. Tveit. Desutan var det song av Nordaker, avis og leik. Det var verkeleg ein av dei mest hugnad-same festar eg hev vore på.



## Møtelist

— Frå styremøte <sup>30</sup>/<sub>10</sub> —

- Sundag <sup>3</sup>/<sub>11</sub>: Fyredrag av forfattar **Ragnvald Våge**: Nasjonalitet.  
**Leik.**
- Torsdag <sup>7</sup>/<sub>11</sub>: Møte for landsungdom som ikkje stend tilslutta B.u.l.  
Tale av formannen. Songarlaget. Leikarringen.  
**Bondeguten. Musikk av organist Johnsen. Leik.**
- Sundag <sup>10</sup>/<sub>11</sub>: **Spelkveld. Friarar.**
- Torsdag <sup>14</sup>/<sub>11</sub>: Fyredrag av redaktør Bernhoff: Ei ferd gjennom Dalarne. Ljosbilæte.
- Torsdag <sup>21</sup>/<sub>11</sub>: Foredrag av høgskulestyrar **Lars Eskeland.**  
**Bondeguten. Bladstyrar Aslaug Fanebust.**
- Sundag <sup>24</sup>/<sub>11</sub>: **Spelkveld.**
- Torsdag <sup>28</sup>/<sub>11</sub>: **Leikemøte.** Kaffi og kringla. Inng.p. 0,50.
- Sundag <sup>1</sup>/<sub>12</sub>: **Bladkveld.** Nemnd: Ole Nærheim, Sølga Talgøy, Andreas Øvsthus.
- Torsdag <sup>5</sup>/<sub>12</sub>: Fyredag av skulestyrar **Halvard Svello.**  
**Bondeguten. Bladstyrar Kari Arnestad-Meland.**
- Sundag <sup>8</sup>/<sub>12</sub>: **Spelkveld.**
- Torsdag <sup>12</sup>/<sub>12</sub>: **Fyredrag. Song av songarlaget?**
- Torsdag <sup>19</sup>/<sub>12</sub>: Stutte fyredrag av lagsfolk. **Musikk.** Bondeguten.  
Bladstyrar Michael Svendsbøe.
- Sundag <sup>22</sup>/<sub>12</sub>: **Joletfest.**
- Tysdag <sup>31</sup>/<sub>12</sub>: **Nyårsfest.**


Utgeve av Bondeungdomslaget, Stavanger.

S. Undems Boktrykkeri.

D r i k

Varhaug

Kulturmilk




**Foto-  
artikler**

**Fremkalding - Kopiering**

**A. T. GREVE**

Kirkegaten 8



## NORGES BOKLAG

Kristian den 4des gate 4

OSLO

er no målfolks bokhandel.

*Tek imot tingingar og sender heile landet over.*

**Treng du bøker eller opplysninger um bøker, so skriv til oss.**

Å handla med sin eigen samskpnad, det er å handla med seg sjølv.

## RØKEARTIKLER

bør kjøpes i en specialforretning

Vi har det største utvalg  
og priserne er rimelige

HAVANA MAGASINET A/S

Kirkegaten 1.

## LIVSTRYGDELAGET ANDVAKE.

(Noreg — Island)

Alle slags livstrygging, gode vilkår. Andvake nyttar berre norsken i alt arbeid, og styd gode norsk målstiltak. Ålvorlege målfolk kjem difor meir og meir til det at det er til bate for både dei sjøve og saki deira å ta tryggingane sine i

**Andvake.**

Agentar i Stavanger:

*Gunhild Bjerkreim, Lars Bjørheim,  
T. Goa, Alfred Løvik, Magnus Våge,*

## Matstova og Kaffistovorne

til BONDEUNGDOMSLAGET

*er sjølvsagt rette staden for lagsfolk og andre  
som vil stetta svoltten eller kvila ei stund.*

**Alle slags smørbrød - Varme rettar - Middag på Matstova**

*Rjomegraut kvar sundag frå kl. 18.*

*Ingen presenter*

*pryder og pynter*

*som blomster fra*

*Blomsterhallen*

Alf Solheim

Østervaag 18

PAPIRFORRETNING  
RAMMEVERKSTED

Hele Rogaland

er firmaet

**S. Gitlesen**

— Østervaag 41 —

*kjendt som billigst i*

**Stentøi - Glas - Porselæn  
og Petroleumslamper**

**MASKIN-  
HUSET**

Indeh. Thorvald Veir  
Bredgaten 9  
Stavanger



»DURKOPP«



**Presanger! Bryllupsgaver!**

Alle slags SØLVSKEER og GAFLER  
moderne mønster samt  
FORLOVELSESRINGE i største utvalg  
(MALJER og NAALER til nasjonalbunad)

**GULDSMED M. SOMA**

ARNEAKEREN

TELEFON 765

**GODT DRIKKA!**

Hjå meg kann De få kjøpa brus, selters, boco, søt og sur  
saft, eplesaft, Vyrterøl frå Aktiebryggeriet (A. B. C.)

— Løna med fleire medaljor —

Telefon  
727 k

**GUNNAR LØVIK**

— KONGSGATA 36 —

Telefon  
727 k

## J. L. Tiedemanns Tobaksfabrik

kommissionslager i Stavanger

*Stadig paa lager  
de mest anerkjendte merker i  
Cigaretter og Tobak*

**J. Bjørgo - Ø Holmegt. 15**

Benyt telefon 1093

## N. AARRESTAD

BERGELANDSGT. 20

TELEFON 772

**Colonial- og  
Fede vareforretning**

## R. G. Klovning

Breigata 20 :: :: :: :: ::

KOLONIAL

Hampegarn - Bomullsgarn

SNØROR - TOGVERK

OLJEKLÆR.


## A. Mauland A/s

Klostergaarden

Telefon 2645

**Elektrisk Forretning**

Radioapparater



LARS BØ

ELEKTRISK INSTALLATIONSFORRETNING

Engelsmindegt. 15

Allslags elektrisk arbeid

Telefon. . 3119 — Bø, bustad. . 3113

## A. IDSØE

Telefon . . 102 - 458

Rigstelefon 3020 - 3089

KJØD- OG PØLSE-  
FORRETNING :: ::

ETABL. 1828

## OLAV HAMRE

TELEFON 3440 — NYTORGET

Alle slag Tobakkvaror

Stort utval av

Sjokolade - Drops - Frukt

BRYNE

## Jonas Jørstad

Bokhandel - Papirhandel

Fotografisk forretning

Musikkvarer

Framkalling - Kopiering

Råmeverkstad - Prentearbeid

# Solo



Kr. 1.95 pr. kg.

Det beste

De fær for pengane!



Kr. 1.40 pr. kg.

**STAVANGER SMØRFABRIK.**